

Inntaksreglement for Lundeneset VGS AS

Lundeneset VGS AS (Lundeneset) er ein friskole med godkjenning etter [Lov om private skolar med rett til statstilskot \(privatskolelova\)](#). Dette inntaksreglementet har difor utgangspunkt i det privatskolelova seier om inntak av elevar jfr. [privatskolelova § 3-1](#).

1. Generelt om inntak

Som friskole har Lundeneset heile landet som inntaksområde, og skolen er open for alle søkjarar som fyller vilkåra for inntak i tilsvarande offentlege skolar (jfr. [privatskolelova § 3-1 første ledd](#)) og som har rett til vidaregåande opplæring jfr. opplæringslova [§ 3-1](#) og [§ 4A-3](#).

2. Søknad

a) Søknadsskjema

Søknaden skal skrivast på skolen sitt eige søknadsskjema og sendast skolen. Vitnemål/karakterutskrifter o.l. som skal leggjast til grunn ved inntaket, skal liggje vedlagt eller bli ettersendt når dei føreligg.

Søkjarar frå VIGO må ettersenda tilsvarande skjema og dokumentasjon før inntak kan skje. Skolen held av plassar til desse i første opptak, slik at dei har same vilkåra som dei som søker direkte.

b) Søknadsfrist

Søknadsfrist for ordinært opptak er 1. mars, eller likt med dei fylkeskommunale fristane. Etter denne fristen handsamar skolen søknader fortløpande dersom det er ledige plassar. Søknadsfrist for inntak på særskilt grunnlag er 1. februar.

c) Delkurselev

Søkjarar kan bli tekne opp som delkurselevar dersom dei har nødvendig fagleg grunnlag og dersom det er plass på kurset.

d) Dokumentasjon

Søkjarar til vidaregåande trinn 1 (Vg1):

Søkjaren må dokumentere gjennomgått 10-årig grunnskole eller tilsvarande. Opptak kan skje på grunnlag av karakterar frå 1. halvår, men skolen tek atterhald om at karakterane ikkje går vesentleg ned etter 1. halvår. Kopi av vitnemål skal ettersendast.

Søkjarar til vidaregåande trinn 2 og 3 (Vg2 og Vg3):

Søkjaren må leggje fram kompetansebevis/stadfesting på at nødvendige programområde er fullført, i samsvar med læreplanane. Inntaket kan bli gjort på grunnlag av karakterane i 1. halvår. Skolen tek atterhald om at det endelege karakterutskrifta/kompetansebeviset viser bestått. I tillegg kan ein søkjar som i VG1 eller VG2 ikkje har bestått eitt eller to fag likevel takast inn som elev dersom det etter intern vurdering på skolen er dokumentert at søkjaren har dei kunnskapane og den dugleiken som er nødvendig for å følge undervisninga.

3. Prioritering av søkjarar ved eventuell oversøkning

Dersom skolen har fleire søkjarar enn det skolen har plassar/kapasitet til å ta inn, vil følgjande prioritering bli lagt til grunn for inntaket:

a) Ungdom med rett til vidaregåande utdanning
Ungdom med rett til vidaregåande opplæring etter [opplæringslova § 3-1](#) blir prioritert framfor vaksne søkjarar med rett til vidaregåande opplæring etter [opplæringslova § 4A-3](#).

b) Elevar som går eller har gått på Lundeneset
Ved inntak til VG2 og VG3 blir eigne elevar som søker seg vidare til påfølgjande kurs/programområde prioriterte før eksterne søkjarar, dersom dei oppfyller desse vilkåra:

- a) Dei har karakteren 2 eller betre i alle fag, og minimum 35 poeng.
- b) Dei har ikkje nedsett karakter i orden/åtfærd i skole
- c) Dei har ikkje nedsett karakter i orden/åtfærd i internat (gjeld internatelevar)

Ved inntak til Vg3 vil elevar som har gått berre Vg2 bli prioritert før elevar som berre har gått Vg1.

Ved inntak til Vg3 Påbygging og Vg3 Medier og kommunikasjon gjeld i tillegg krav om at elevar som skal bli prioriterte skal ha minimum 3,5 i snitt i faga Norsk skriftleg, Norsk muntleg, Matematikk og Naturfag. Tilleggskravet i dette avsnittet gjeld frå inntak til skuleåret 2011/2012.

Eigne elevar som ikkje oppfyller krav til prioritering på grunnlag av karakterar i første halvår kan seinare bli prioritert på grunnlag av karakterar for andre halvår, men det blir ikkje halde av plassar til desse i opptak før fastsetting av karakterar for andre halvår.

Søkjarar som har hatt skoleplass tidlegare år, men som har trekt seg eller slutta av spesielle grunnar, blir prioritert til same kurs ved neste års inntak. Slike søkjarar blir vurdert ut frå ny søknad innan fristen. Søknaden skal ha som vedlegg ei grunngjeving for avbrotet.

c) Jamn fordeling av gutar og jenter
Ved inntak kan skolen prioritere eitt av kjønna for å få ei jamn fordeling mellom gutar og jenter i klassane, dersom det er mindre enn 30 % av eitt av kjønna i den klassen det blir teke opp til.

d) Inntak på anna grunnlag
Skolen kan setje av inntil 8 % av elevplassane til søkjarar som ikkje kan konkurrere om elevplass etter vanleg kriterium, og som treng spesialundervisning jfr. [opplæringslova § 5-1](#) eller som av helsemessige eller sosiale omsyn bør prioriterast. Det normale vil vere inntil to i kvar klasse. Inntak til desse plassane blir gjort av rektor, etter uttale frå PPT eller andre sakkyndige.

e) Bustad

Elevar blir tatt opp med tanke på at internatet skal bli fullt. Dersom det er fullt i internatet for eitt kjønn kan søkjarar av det andre kjønn eller søkjarar som kan bu heime prioriterast. Søkjarar som vil bu på internatet blir prioritert framfor elevar som ønskjer å bu utanfor skolen, så lenge skolen har disponible internatrom. Dette gjeld likevel ikkje når søkjaren er frå Vindafjord eller nabokommunar og ønskjer å bu heime. Rektor kan etter søknad gje høve til å bu utanfor internatet.

f) Misjonærbarn

Søkjarar som har foreldre som er misjonærar og andre i same kategori, kan prioriterast før andre søkjarar.

g) Karakterar i orden og åtferd

Nedsett karakter i orden og/eller åtferd kan føre til at ein elev ikkje blir teken opp dersom det er oversøkning.

h) Karakterar og poengutrekning

Utanom punkt 3 a til g over, blir søkjarane ved oversøkning prioritert ut frå karakterpoeng frå siste aktuelle karakterdokument jfr. "Dokumentasjon" ovanfor.

Karakterpoeng blir rekna ut etter same prinsipp som i offentlig skole, jfr. [Forskrift til opplæringslova § 6-15 a og b](#).

4. Unntak frå prioriteringsrekkefølga

- a) Skolen kan avvise ein kvalifisert søkjar til vidaregåande trinn når søkjaren tidlegare skoleår har vist manglande evne eller vilje til å betale skolepengar.
- b) Inntil to elevar på Vg1 Studiespesialisering kan få løfte om inntak på Vg3 Studiespesialisering i samband med utdanning i utlandet på andreåret. Kven som skal få løfte blir prioritert ut frå inntakspoeng til Vg1 ved søknad før 15. oktober i Vg1, og deretter fortløpande. Løfte om inntak på Vg3 Studiespesialisering blir gjeve under forutsetning av at utdanninga i utlandet kan godkjennast som Vg2 Studiespesialisering.

5. Klageinstans

Vedtak om inntak er å rekna som enkeltvedtak etter [Lov om behandlingsmåten i forvaltningsaker \(forvaltningsloven\) § 2](#). Søkjar kan klaga vedtaket til fylkesmannen.

Reglementet ble vedtatt av skolestyret 3. februar 2010.